

*Framlegg til endring av lov om stadnamn*

## HØYRINGSMERKNAD FRÅ HARDANGER HISTORIELAG

### Merknad til høyringsnotat 27.05.2014

Eitt av formåla med stadnamnlova er å verne om stadnamn som kulturminne. Lova regulerer kven som skal avgjera skrivemåten av norske stadnamn. Kommunen gjer vedtak om namn på tettstader, grender, kommunale gater og vegar, mens Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av dei fleste andre stadnamn.

Slik stadnamnlova er i dag, har eigar eller festar rett til å uttala seg "i saker som gjeld bruksnamn". Dei kan òg uttala seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet er retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamnet. Stadnamntenesta i Språkrådet skal koma med tilråding, og Statens kartverk gjer endeleg vedtak i slike namnesaker.

Departementet går inn for at *gardsnamn* framleis skal fastsetjast etter dagens saksbehandlingsreglar, fordi dei har størst interesse for det offentlege.

Vidare føreslår departementet at skrivemåten av *bruksnamn* skal fastsetjast etter ønsket til grunneigaren eller festaren, "hvis det kan dokumenteres at den ønskede skrivemåten har vært i offentlig bruk på stedet". Det kan føre til at to namn med same opphav kan få ulike skrivemåtar, alt etter om dei er gardsnamn eller bruksnamn. Det er opplagt ein uheldig praksis.

Det er heller ikkje sikkert at ein ny eigar er nøgd med det namnet den førre eigaren har sett på bruket. Resultatet blir at bruket kan skifte namn frå ein generasjon til neste, viss nokon kan finne eit gammalt papir som viser at bruksnamnet også var skrive på den måten.

**Hardanger Historielag, 5777 GRIMO**

**Leiar:** Helena Kjepso, 5. Tlf 41361655. E-post: [helena.kjepso@hvm.museum.no](mailto:helena.kjepso@hvm.museum.no)

**Forretningsfører:** Øystein Pugerud. 5777 Grimo. Tlf. 53 66 61 86. Faks 53 66 61 72 E-post: [post@pugerud.no](mailto:post@pugerud.no)

*Hardanger* – Tidsskrift for Hardanger Historielag (ISSN 0333-0885). E-post: [post@hardanger-historielag.com](mailto:post@hardanger-historielag.com)

**Redaktørar:** Marit Bleie Mannsåker og Harald Hognerud

Bankgiro: 3450.20.05156. Org. nr. 974 255 472.

I lova er gardsnamn definert som "namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til". Bruksnamn er "namn på eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer". Vi meiner at det i mange tilfelle kan bli vanskeleg å praktisere skiljet mellom gardsnamn og bruksnamn. Problemet med definisjonen oppstår når gards- og bruksnamn no skal handterast på ulike måtar.

Bakgrunnen for kravet om at eigar eller festar skulle kunna vera med og fastsetja gards- og bruksnamn, er at mange ikkje skil mellom slektsnamn og gardsnamn/bruksnamn. Gards- og bruksnamna er ofte gamle namn som fortel noko om landskapet eller bruk av eit område, og stadnamntenesta i Språkrådet legg vekt på lokal uttaletradisjon (og språkleg opphav) når dei skal normere desse namna til dagens rettskriving. Slektsnamna med opphav i gards- eller bruksnamn er ofte skrivne slik namna vart skrivne av futar og prestar på 1500–1800-talet. Slektsnamnet kan folk framleis skrive etter gammal gjerd og på ymse vis; ingen blandar seg i det. Men fordi stadnamna er noko me eig saman, og gards- og bruksnamna er gamle adresser som bonden forvaltar den tida han er på garden, har desse stadnamna òg vore fastsette av storsamfunnet.

Det synest merkeleg at ein eldre skrivemåte, som ofte skriv seg frå barokken, skal vega tyngre enn dagens rettskriving og nedarva lokal uttale.

Eit hovudpoeng ved å innføre lov om stadnamn i 1990 var å verne dei nedarva uttalane av stadnamna. Blir den nye lova innført, fell dette vernet delvis bort (for bruksnamn). Det er den nedarva uttalen som ofte viser attende til kva opphav og tyding namna har. Det er med andre ord dei lange linene i kultursoga vår som no kan bli brotne for godt.

Hardanger Historielag meiner at lov om stadnamn for 1990 stadig må vera retningsgjevande for skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn. At ein eigar eller brukar kan skriva sitt private familienamn som han vil – i den grad namnet er registrert og godkjent – er opplagt. Derimot er det svært uheldig at det nye framlegget fører til at gardsnamn og bruksnamn kan skrivast på ulike måtar sjølv om det dreiar seg om same stadnamn. Hardanger Historielag stør at brukarar og eigarar skal ha rett til å uttala seg i namnespørsmål, men vil minna om at stadnamn – både stavemåte og uttale – tilhører vår felles kulturarv og må ha offentleg og språkfagleg handsaming deretter.

Odda den 01.09.2014

For styret i Hardanger Historielag

Helena Kjepso - leiar